

Sogndal og Leikanger Revmatikarforening  
Edel Olstad  
( Leiar)



Til  
Rådet for personer med nedsett funksjonsevne  
Sogndal og Leikanger

### Oppmoding om renovering eller bygging av basseng på Leikanger

Sogndal og Leikanger Revmatikarforening har i over 30 år arrangert treningstilbod i basseng med ekstraoppvarma vatn. For tida er det mellom 40-50 personar som nyttar seg av tilbodet.

Inntil bassenget på Leikanger vart stengt hadde vi bading ein gong i veka vekselvis på Leikanger og i svømmehallen i Sogndal.

Etter det fekk vi leige svømmehallen ein gong pr veke( Søndag eller laurdag)

Tilbodet er ope for alle som har nytte av det, ikkje berre medlemmer.

Vi leiger fra kl 11-1300 og betaler kr 2 300 i leige pr gong.

Det varme vatnet blir nytta av andre grupper som barn med nedsett funksjonsevne og av Røde kors som har svømmeopplæring av flyktningane i kommunen.

I tillegg har fylkesskommunen familiebadning etter badinga vår.

Hausten 2017 renorverte Fylkeskommunen svømmehallen.

Når vi begynte att med badinga fekk vi vite at Svømmehallen ikkje ville tåle at vatnet vart ekstra oppvarma så ofte. Så tilbodet vart halvert til to gonger i mnd.

Vi synes at der for skjeldan for at vi skal få god nok utbytte av treningstilbodet.

Vi samarbeider med Frisklivsentralen Sogn. Dei har treningstilbod i svømmehallen på mandagar, men då er det ikkje ekstraoppvarma vatn slik at det tilbodet passar ikkje for oss som har revmatisk sjukdom. Dei tilbyr også trening i terapibassenget i Lustrabadet, men det er på dagtid og kan derfor ikkje nyttast av dei som er i arbeid.

Vi ønsker difor å kome med ei oppmoding om å renovere det nedlagte bassenget i Leikanger eller bygge nytt kommunalt basseng. Og at vatnet må kunne oppvarmast til 33-34 gradetr slik at det kan brukast som terapibasseng for dei som treng det.

Takknemleg om de kan bringe vidare denne oppmodinga til dei aktuelle politikarane som arbeider for dette.

Mvh  
Sogndal og Leikanger Revmatikarforening  
Edel Olstad